

MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 73 / 2018 Sak til: 81 / 2018	Tysdag 2 oktober 2018	<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus.

Frammøtte: 6 av 7 medlemmer, 1 varamedlem

Til stades

Medlemer:

Kjellaug Fauskanger Eidsaa , Kjell Berland, Ivar Eidsaa, Einy Daviknes, Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.

Varamedlem: Gunnvor Eggebø Næss.

Meldte forfall:

Solfrid Kongshaug Aase

Andre frammøtte:

Sak / år:

73/2018: Møteprotokoll frå møte 12 september vart godkjent.

74/ 2018: Meldingar: Ingen meldingar.

75/ 2018: Gudstenesteliste:

16/09: **Kl 10.30:** Konfirmasjonsgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Offer: Ungdomsarb. på Askøy.

16/09: **Kl. 12.30:** Konfirmasjonsgudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Offer: Ungdomsarb. På Askøy.

Ansvarleg på gudstenestene: Alle team.

19/09: Kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. (I kyrkja.)

30/09: kl.11.00: Familiegudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Søndagskulen. Utdeling av 6 årsbok. Ansvarleg: Team 2.

.....
14/10: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Karl Johan Hallaråker. Nattverd. Offer: Eige arbeid. 50 års konfirmanter. Ansvarleg: Team 3.

24/10: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.

28/10: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: TV aksjonen 2018.

Innskriving av nye konfirmanter. Ansvarleg: Team 4.

04/11: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Karl Johan Hallaråker. Nattverd. Allehelgensdag. Ikkje offer.

Ansvarleg: Team 1.

76/ 2018 :Evaluering og førebuing av gudstenestene:

16/09: Eige punkt.

19/09: Gudstenesta som vanlegvis er på eldresenteret, var denne gongen i kyrkja. Det var både bebuarar derfrå og nokre andre. Ei fin stund som vi fekk gode tilbakemeldingar på.

30/09: Familiegudsteneste. Det var eit fint opplegg for 5 og 6 åringer, men p.g.a. dårlig kommunikasjon og mistyding var det nesten ingen barn som kom. Det vert utdeling av 6 års boka seinare. Vi må hugse å lese minneord i gudstenestene.

14/10: Eige punkt.

28/10: Ein del av teamet kan ikkje vere med denne dagen, men vi andre hjelper til. Prøver å få inn ungdomskor e.l..

04/11: Allehelgensdag. Vi lagar til lysbord nede i kyrkja for dei som kjem til kyrkja denne dagen, og vi deltek ved lystenninga i globen under gudstenesta. Pyntar elles som tidlegare år.

77/2018: Evaluering av konfirmantgudstenestene 16 september:

- Konfirmantane kom tidleg og fekk hjelp med kappane og å få rett bibel. Dei samla seg litt for mykje nede i midtgangen før gudstenesta, skulle trekt seg litt meir til sides.
- Fint med orgelmusikk før gudstenesta og flott song av solist.
- Gode ord og helsing til konfirmantane frå soknerådsleiaren.
- Konfirmantane gjekk fint ut i prosesjon med rosene.
- Vi fekk papirprogramma til utdeling litt seint, mange kom tidleg til gudstenesta.
- Vanskeleg å få med seg det som går føre seg framme i koret, når det er mykje folk i kyrkja. Spesielt for dei som sit langt bak. Preika bør vere frå preikestolen ein sånn dag.
- Det var knapp tid mellom gudstenestene.

78/2018: Evaluering av pilgrimsvandringa 29 september:

8 personar gjekk heile turen frå Fromritoppen til kyrkja i regn og vind .Fint opplegg for pilgrimsvandring og godt fellesskap. Det vart godt tilslutt å nå målet, koma inn i ei varm kyrkja og få kakao og bollar. Det er ynskje om fleire vandringar, kanskje på ei anna årstid og litt kortare. Nokre ord og bilete er sendt inn til « Amen »

79/2018: 50 års konfirmantjubileum 14 oktober:

Det er Karl Johan Hallaråker som er prest denne dagen. Mat er bestilt til festen etter gudstenesta. Vi lagar til i kyrkjelydshuset laurdagen og hjelper til dei som kan.

80/2018: Plan for våren 2019:

Fekk utkast til plan, som må reviderast ein del.

81/2018: Eventuelt:

Info frå fellesrådet: Det er vedtatt å iverksetta resterande arbeid med vedlikehald av fasaden på kyrkja våren 2019.

Salmekveld: Prøver å ha ein salmekveld til våren med fokus på miljø/natur. Det er eit opplegg som konfirmantane er med på og som er brukt i Ask.

Aktivitetkvelder i kyrkjelydshuset: Første kveld er torsdag 15 november kl.18.30

Vi tenker over forslag til kandidater til soknerådsvalet 2019 til neste møte.

Neste møte vert onsdag 14 november,

Håpolden, 20 oktober 2018.

Reidun Håpoldøy.

Referent.